



BERGEN KOMMUNE
Postboks 7700
5020 BERGEN

Dato: 19.01.2017
Vår ref.: 2016/4913-7
Saksbehandlar: bjomidt
Dykkar ref.:

Beredskapstakstar i bomringen i Bergen - finansiering av gratis kollektivtransport

Innleiing

Fylkesrådmannen viser til «*Forskrift om mellombelse auka bompøngetakstar i Bergen kommune, Hordaland*», frå 16.12.2016, heimla i Veglova §27 andre ledd. Forskrifta gjev eit formelt grunnlag for at Bergen kommune kan innføra mellombelse auka bompøngetakstar i Bergen som straks tiltak på dagar med høg luftforureining. I følgje §3 i forskriften kan meirinntekter frå takstauken nyttast til dekking av kostnadane til dei tiltaka som kommunen og fylkeskommunen finn er naudsynte for å få ned biltrafikken i perioden det gjeld.

Fylkestinget har i sak 108/16, frå 13.12.2016, delegert mynde til fylkesrådmannen til å fastsetja kollektivtrafikk takstar i periodar der det er vedteke å ta i bruk mellombelse auka bompøngetakstar (beredskapstakstar) i Bergen etter §27 i veglova - og Skyss har no utarbeida eit opplegg for gratis kollektivtrafikk på dagar med mellombelse bompøngetakstar (sjå vedlegg).

Om opplegget for gratis kollektivtrafikk

Fylkesrådmannen legg opp til at gratis kollektivtransport berre skal omfatta enkeltbillettar, noko som vil avgrensa omfangen og kostnadane. Gratis kollektivtransport er definert slik:

- Gjeld alle typar enkeltbillettar, også klipp på Skysskort.
- Gjeld bybane og alle busslinjer i Bergensområdet som går inn til og ut av Sone Bergen – rutepakke Nord, Sentrum, Sør, Vest, Osterøy og Nordhordland (bussar til og med 600-serien) - alle passasjerar reiser gratis, uansett reisestrekning.
- Gjeld bybåtane Kleppestø - Strandkaien og Knarvik – Frekhaug – Bergen.
- Bør inkludera togstrekninga Arna-Bergen. Per i dag ligg det ikkje føre avtale mellom Skyss og NSB. Gratis tog Arna - Bergen kan ikkje gjennomførast før ein slik avtale ligg føre.
- Dei som har gyldig billett frå før kan ikkje krevje refusjon/forlenging av periodekort.

Skyss har anslått kostnadane (inntektstap og styrking av kollektivtilbodet) til om lag 1,5 millionar kroner per dag. Anslaget er svært usikkert.

Økonomisk risiko ved innføring av beredskapstakstar

I samband med utarbeidninga av det faglege opplegget for lokalpolitisk handsaming av beredskapstakstar, vurderte Statens vegvesen, i januar 2016, risikoen for mindreinntekter/meirkostnadane som konsekvens av auka takstar og redusert trafikk gjennom bomringen:

«For at tiltaket skal gi mindreinntekter, må trafikkavvisningen ved femdobbel takst være over 80 %, altså nærmere dobbelt så høy som trafikkprognosene tilsier. Analysen indikerer dermed at det er lite sannsynlig

at bompengeinntekten reduseres så mye at bompengeselskapet påføres økonomisk tap som følge av innføring av beredskapstakster. Det er tvert om stor sannsynlighet for at tiltaket vi gi merinntekter i bomringen som vil dekke øvrige kostnader ved gjennomføring av tiltaket.

Belønningsmidlar for å finansiera gratis kollektivtrafikk

Sjølv om det av Statens vegvesen er vurdert som lite sannsynleg at innføring av beredskapstakstar vil gje mindreinntekter i bomringen, er det høgst uvisst om beredskapstakstane vil kunna gje tilstrekkeleg høge meirinntekter til å finansiera gratis kollektivtransport i Bergen, som er aktuelt ved bruk av beredskapstakstar. For å dekka opp eventuelt bortfall av nødvendige auka bompengeinntekter, ser fylkesrådmannen det som aktuelt å finansiera gratis kollektivtransport ved bruk av belønningsmidlar. Belønningsmidlane for 2017 og ubrukte belønningsmidlar frå 2016 er fordelt som finansiering til drift eller pågående investeringstiltak.

Fylkesrådmannen oversender med dette Skyss sitt opplegg for innføring av gratis kollektivtransport på dagar med beredskapstakst, og ber om at Bergen kommune tek stilling til om belønningsmidlar, ved eventuell inntektssvikt i bomringen på dagar med beredskapstakst, kan nyttast til å finansiera gratis kollektivtransport. Dersom Bergen kommune er positiv til dette, er Hordaland fylkeskommune klar til å sette i verk gratis kollektivtilbod på dagar med beredskapstakst.

Nødvendige fylkespolitiske vedtak og nærmere avklaring av slik bruk av belønningsmidlane skjer i etterkant av tilbakemeldinga frå Bergen kommune.

Med helsing

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg

- 1 Notat - gratis kollektivtransport